



Øystein Båtevik
Heiane 41A
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1648 - 14/8647

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
02.06.2014

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett - Gbnr 27/182 - Innsending av teikningar mv.

Det vert vist til skriv frå Meland kommune av 25.11.2013 og mottak av nye opplysningar frå dykk ved e-post motteke 6.4.2014. Kommunen oppfattar på bakgrunn av søknaden og seinare innsendte opplysningar at tiltaket er endra i høve til det som går fram av innsendt situasjonskart og teikningar motteke 30.8.2013. Etter det kommunen kan sjå gjeld søknaden no oppføring av bodar i underetasje på begge gavlveggar i forlenging av bustaden sin lengde, og oppføring av terrasser avgrensa til bodarealet med tillegg av areal utanfor bustaden ved inngangsdør mot garasje og veg.

Før kommunen kan treffe vedtak i saka må tiltakshavar sende situasjonskart som visar tiltaket og teikningar som viser situasjonen etter utføring av tiltaket. Vidare må det gjerast greie for at tiltaket held seg innanfor tillate BYA for eigeidomen, som i gjeldande reguleringsplan er 30 % BYA. Kommunen ser av opplysningane i saka at krava truleg vert stetta, men må altså få inn dokumentasjon frå tiltakshavar som klart viser dette.

Etter ei førebels gjennomgang av saka, orienterer kommunen om at tiltaket, kva gjeld plassering og avstand mot nabogrenser, no synast å kunne godkjennast på bakgrunn av samtykkeerklæringar frå naboar, jf pbl § 29-4, bokstav (a). Søknaden vil verte prioritert når etterspurd dokumentasjon vert motteke. Saka vert i påvente av dette lagt i ventearkiv.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak